

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.09.2015

Handsaming i møtet

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Kristine Holm Svendsen, og økonomisjef, Nils Egil Vetlesand, orienterte om status når det gjeld rutinar for tilrettelegging av attestasjonar i Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Partner, Helge Roald Johnsen, i Deloitte og rekneskapsrevisor , Espen Hordvik, kom med supplerande informasjon i saka.

Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang gode prosessar på dette området men at det framleis er ein del arbeid som står att. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen presenterer vedtekne retningsliner på feltet i møte i kontrollutvalet 6.4.16.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte i kontrollutvalet 6.4.16 for å presentere vedtekne retningsliner når det gjeld rutinar for tilrettelegging av attestasjonar i Hordaland fylkeskommune.